

- Motivering av tillitsvalde på lokalt nivå.
- Rådgjeving til ammekuprodusentar i oppstart om t.d. avl må prioriterast, samt vidare oppfølging. Vaksenagronom, kurs i NLR, kurspakke 2 for vidarekomne (påbygg nybrukar), Biffakademi, Ammekuskule med mindre bolkar evt med andre aktørar,
- Tillitsvalde bør delta ved fabrikkbesøk, for orientering.
- TINE har samarbeid med veterinærar, aktuelt på ammekuproduksjon?
- Samarbeid med andre org for auka oppslutning om samvirke, t.d. nybruksarsamling.
- Mentorordning for nye brukarar. Er under arbeid i Nortura v/Eli Berven. NLR jobbar med dette basert på midlar frå LMD – mogelegheit også for Nortura? Studieforbundet? Kan spare rådgjevingsressursar, samt skape binding.
- Ammekukafé eller kjøtkafé i regi av kretsutvala? Ope for alle.
- Politikarkontakt: Jobbe systematisk frå AU med samarbeidsrådet/andre organisasjonar.
- Bevisstgjerjing om samvirke, til nye brukarar og politikarar. Kollegialt samhald mellom eigarar, og god relasjon til ansatte.
- Bruke Drift mot eigarane for meir info og engasjement om det som skjer der. Også Markedsinfo til eigarane.
- Markedsmakt og tilgang tema på RU-møtet til hausten? T.d. Per Ingvar Olsen?
- Skitne storfe, samt HMS og utlasting storfe som tema på fagmøter.
- Kor gode er vi til å marknadsføre det når vi har lukkast med noko? Viktig å feire og markere.

5 Eventuelt

Roy orienterte om engasjement rundt kadaverhenting i Midt-Norge. Retningslinjer frå Norsk Protein er at det skal hentast innafor 5 virkedagar. Service og hentefrekvens tidlegare var "for god". Skal no sende ut SMS med info om korleis kadaver skal handterast.

Innspel:

- Mattilsynet og Norsk Protein må samhandle betre, må registrere begge plassar no. Henting i løpet av 3 dagar, i dyretette område t.d. med gris, i sommarhalvåret, er ynskjeleg. Tildekking gjer at forråtinga går raskare. Frykt for smitte som t.d. MRSA og omdømme/media.
- AU ynskjer å sende eit brev til styret om dette.

Brit Kari

Separat AU-møte tysdag 29.09:

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p>Orientering frå styremøtet 21.08</p> <p>Oddveig orienterte om totalmarknad, ny prognose i september. Angus-avtale med Prima Jæren. Status rekneskapet. NOVA-prosjektet skal styret få ei grundigare orientering om i neste styremøte. Avtale om Animalia som felleseigd selskap mellom KLF og Nortura er straks på plass. Strategiarbeidet med involvering av eigarane med samvirkefokus, vert sendt på høyring for innspel frå kretsutvala. Netthandel under utvikling.</p> <p>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</p>	
2	<p>Orientering om storfekjøtprosjektet i Landbruk 21</p> <p>Lars Morten orienterte om arbeidet med eit storfekjøtprosjekt, for spesielle kvalitetar. Vart definert som bransjeprojekt, og fekk difor avslag som innovasjonsprosjekt i Nortura pga manglande ekstern finansiering. Prosjektet no vinkla som kjøtprosjekt mot regionale spesialietar, og inkl gris, som eit Nortura-prosjekt innanfor vårt merkevaresegment. Definere spesielle produktkvalitetar innafor eit geografisk område. Vert eit prosjekt i samarbeid Landbruk 21 og Nortura. Behov for info i M&R, som ikkje er involvert i Landbruk 21. Borgny Grande har 50 % stilling som prosjektleiar i Landbruk 21, knytt opp mot kjøtprosjektet. 3-årig prosjekt.</p> <p>Er eige Norturaprojekt på gang med regional kylling.</p>	

Landbruk 21 er også engasjert i vekstprosjekt, inkl økologisk kraftfôr, gjødsel frå fiskeoppdrett, produksjon av kompost, m.m. Dette skjer i samarbeid med Felleskjøpet.

Spørsmål/kommentarar:

- Roy orienterte om at regionalt lam vert utfordra av Røroslam.
- Aktuelt med Limousin Unik for heile landet? Evt ein eigen regional varestrøm på tilsvarande konsept?
- Viktig at vi har marknad for dette, og at Nortura har gevinst av det.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

3	Orientering frå Nortura Malvik, inkl omvisning Odd Erik Sveen og Knut Børø Sund orienterte.	
4	Kretsarbeidet Brit Kari orienterte om ny konsernstrategi som skal på høyring i kretsutvala før RU-møtet, i tillegg til handlingsplan 2018 for fag/tilførsel. Korleis motivere kretsutvala? <u>Innspel:</u> <ul style="list-style-type: none">• AU må ta ansvar for oppfølging av kretsutvala. Bør snarast ta kontakt med sine ansvarskretsar og avtale dato for møte. Rapportere dato til Brit Kari. AU• Kan gjerne ha fellesmøte for fleire kretsutval. Brit Kari• Brit Kari sender ut info til kretsutvala, inkl at det ikkje vert gjeve godtgjersle til kretsutvala. Brit Kari• Brit Kari sender oversikt over kretsane sin aktivitet til AU.	
	Vedtak: AU fylgjer opp kretsarbeidet.	
5	Planlegging av regionutvalsmøtet 31.10 – 01.11 Brit Kari orienterte om tidsramme og agenda. AU ga innspel til køyreplanen. <u>Innspel:</u> <ul style="list-style-type: none">• Skjer mykje produktutvikling på egg, aktuelt med info frå eggproduktfabrikken på Revetal?• NOVA-info ved Harald Ullevoldsæter?• Grønt skifte som tema, ved Arne Kristian Kolberg?• Kva skjer med lammemarknaden?• Ynskjeleg med gruppearbeid• AU-møte måndag 30. oktober kl 18.30 – kl 20.00.	
	Vedtak: Brit Kari arbeider vidare med køyreplanen og saklista for regionutvalsmøtet.	Brit Kari
6	Orientering frå arbeidet i fagutvala Saka vart utsett.	
7	Møte med stortingspolitikarar Olav Håkon orienterte om arbeidet så langt, under Midt-Norsk samarbeidsråd-paraply. Skal ha tlf møte med organisasjonane for å finne tidspkt og setje ned arbeidsgruppe. 26 stortingspolitikarar frå Midt-Norge. Føremål: Kunnskapsbygging og begeistring. <u>Innspel:</u> <ul style="list-style-type: none">• Kunnskapsoppbygging om samfunnskontrakta til Nortura, og verdiskaping på norske ressursar. Må knytast opp mot konkrete ting.• Vise til tidlegare politiske vedtak, som gjer at vi oppnådd noko, dvs skryt.• Ta heile Norge i bruk, med beiteressursane, som gjer at vi kan redusere medisinbruk.• Det grønne skiftet – vise at vi er i gang, på ein berekraftig måte• Ny teknologi – vi utnyttar ressursane betre.• Møtelokale: Oppleving og mat. Omvisning på anlegg? Køyre folk i buss, kan informere og slepp at folk reiser før opplegget er ferdig.	

- Måndag er beste vekedagen
- Presentere samarbeidsrådet
- Nortura innovativt

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

-
- 8 **Orientering om prosjektet "Bærekraft Nordens grønne belte" i Landbruk 21**
Saka vart utsett.

-
- 9 **Orientering om Nortura og deltaking på Trøndersk Matfestival**
Lars Morten orienterte om at Nortura ikkje er på Trøndersk Matfestival, men i Stavanger, Dyreskuen i Seljord, Agrisjå. Jon Thomassen frå Nortura vart invitert til Trøndersk Matfestival. Ga signal om at det er ein urban matfestival, utan bønder. Nortura hadde ikkje noko igjen for deltaking, uaktuelt å promotere produkt i kjedene. Ikkje mogeleg å nytte ansatte, må bruke tillitvalde. Matfestivalen ynskjer at vi skal vere der for å selje varer.

Sak til styret til førebuing om kvar vi skal vere tilstades, og kva skal vi presentere.

Spørsmål/kommentarar:

- På Trøndersk Matfestival burde vi vore representert med Kjøttcompagniet
- Kostnad kan takast frå budsjett for marknadsføring. Godtgjersle til tillitsvalde må drøftast.
- Lokal nærmat er representert på Trøndersk Matfestival, og Gilde og Prior er også nærmat.
- Kva er målet og deretter kva som er målgruppa må diskuterast. Kvar produkta vert selt må bemanninga vite, og kunne vere seljar/ambassadør.
- Trøndersk Matfestival: Juli/august. Målgruppe forbrukar med fokus på mat, kvalitet, høg pris (Gilde og Prior). Smaksprøver og sal. Ansatte og tillitsvalde/bønder (matprodusenten). AU vil sende innspel om at det er viktig å stille her.
- Agrisjå: Slutten av august. Målgruppe bønder. Smaksprøver. Ansatte (skilt med namn og rolle), produktkunnskap. Profilere Nortura, inkl Gilde og Prior.
- Dyregoddagane: Fyrste helga i september. Orientering for 450 stk 10. klassingar fredag. Ellers noko likt Agrisjå.
- Ung Bonde-arr i tilknytning til desse arrangementa? Møte med politikarar?
- AU ynskjer å sende brev til styret med innspela.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

-
- 10 **Nettverk til AU-medlemane**
Lars Morten ynskjer at kvar AU-medlem brukar sitt kontaktnettverk til å presentere bodskap, frå konsernstyret og Nortura. Han ynskjer ei liste over rikspolitkarar, fylkespolitkarar og ordførarar med påverknad som dei kjenner. I tillegg organisasjonar samfunn og organisasjonar landbruk.

Spørsmål/kommentarar:

- Må ikkje bevege oss for langt over i Bondelaget sitt arbeid.
- I TINE er tillitsvalde med når politikarar er på anleggsbesøk, det må vi også få til i Nortura.

Vedtak: AU sender liste over sitt nettverk til Brit Kari innan 15. september.

-
- 11 **Eventuelt**
Evaluering:
- Veldig bra med anleggsbesøk og omvisning.
 - Ynskje om AU-møte i M&R